



Kunnskapsdepartementet
Postboks 8119 Dep

0032 OSLO

Att:

Dykkar ref

Vår ref (oppgje ved svar)
17/676

Dato
19.01.2017

Høyringsvar ny rammeplan for barnehagar

Generelt sett er Gloppen kommune positive til høyringsutkastet då vi synst det vert tydlegare ved at det er meir «skal» og mindre «bør». Det kan såleis verte eit meir likeverdig barnehagetilbod/styringsdokument på tvers av barnehagar/kommunar. Samtidig tenkjer vi at med åra vert det stadig meir «skal» oppgåver i alle ledd i barnehagen utan at det vert gjort noko med tal vaksne pr barnegruppe som skal utføre desse «skal» oppgåvene. Bør bemanningsnormer endrast for å kunne utføre alle «skal» oppgåvene? Bør tal barn som vert definert i storbarnsgruppe/småbarnsgruppe endrast for å «rekke rundt»?

Positivt:

- At omgrepet læring vert brukt i barnehagesamanheng og knytt tett opp til leikenleik og læring går hand i hand. Bra det kjem tydeleg fram at leiken skal ha ein sentral plass og at leikens eigenverdi skal anerkjennast.
- Kortare, tydeligare og i si framstilling forventar den at lesar er fagleg kompetent .(den utbroderer ikkje og forklarar med eksempel). Den løftar profesjonen.
- At det vert skriftleggjort at det er barnas sitt beste som er det grunnleggande omsynet
- At psykisk helse /mestring vert framheva på lik linje med fysisk helse/aktivitet
- At det fysiske miljøet vert trekt fram, der både tilgjengelegheit / muligheit til å delta vert understreka.
- Flott at måltidet vert framheva som ein pedagogisk arena der helse/sunn mat/språk / vaksenrolle m.m vert løfta fram.
- Bra at det vert framheva at eigar har eit juridisk ansvar for kvaliteten på tilbodet – oppgåver kan delegerast men ikkje ansvaret. Det betyr at eigar må meine/forvente noko om innhaldet i barnehagane. Barnehagen må formelt sett inn i eit heilskapleg system.
- Bra at overgang barnehage-skule skal ha fokus på både innhald og struktur.

Ting å tenke over, eller som bør kome tydelegare fram i rammeplanen

- Gloppen kommune saknar at nynorsken ikkje er trekt fram i samband med språk
- Samisk språk/kultur vert spesifikt trekt fram, men kanskje fleirspråklege/kulturar burde fått eit avsnitt også?

- Bra med kapittelet om ansvar og roller, men synst planen kunne sagt noko om barnehagelærer/fagarbeidar/assistent framfor å samle dei i ein stor sekk «Barnehagens øvrige personalet». Vi forventar ulikt av dei i forhold til fagkompetansen.
- På den andre sida kan ein vel seie at leiaransvaret er trekt fram og leiing i barnehagen er viktig.
- Det er ikkje eigar/arbeidsgjevar som skal styre bhg sitt metodiske innhald. Private (særleg kanskje?) treng at rammeplanen er tydeleg på at pedagog/bhg lærar vel metodar. Arbeidsgjevars styringsrett er å utvikle/sette personalet i stand til å kunne velje, å stadig erverve seg ny kunnskap. I forhold til skulen er det gjort eit Stortingsvedtak , som og kjem fram i st.mld 28, Det er lærar sitt ansvar å velje metode og det er i forhold til lærars faglige skjønn kva for metode som skal veljast for å oppfylle skulen sitt samfunnsmandat. Ikkje eigar.
- Leiken må kome fram meir overordna Danning Læring, Omsorg. Gjennom leiken skjer danning læring og erfarer barn omsorg. Leiken er meir sentral i bhg enn kva rammeplanen held fram. I barn sin verden er lek motoren, LEIK må verte synleg i innhaldslista og i korleis kapittel 3 er bygt opp. .

Med helsing

Per Arne Strand
oppvekstsjef
tlf. 957 78 875